

Forslag til mal – politisk saksframlegg

Oppstart av kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder i xxx kommune

Forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek at xxx kommune startar opp med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med saksframlegget.

Saksutgreiing

Hordaland fylkeskommune inviterer til å gjennomføre ei kartlegging og verdisetting av friluftsområder i xxx kommune, *ev i samarbeid med Friluftsrådet Vest/ Bergen og Omland Friluftsråd*. Dette er ei temakartlegging, og ikkje ein plan. Arbeidet vil gje grunnlag for vurdering av friluftslivsinteresser i kommuneplan og kommunedelplanar. Gjennom arbeidet vert det etablert viktige nettverk mellom dei ulike aktørane med interesser innan friluftsliv.

Arbeidet med kartlegging og verdisetting av friluftsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020) og Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), og skal følge Miljødirektoratet si handbok, M98-2013.

Sjølve kartleggingsarbeidet skal gjerast av xxx kommune, i regi av ei arbeidsgruppe med *prosjektleiar frå Friluftsrådet Vest/Bergen og Omland Friluftstråd*. Denne gruppa vurderer relevant informasjon, kartfester areala og gjev ei skildring av dei ulike områda. Hordaland fylkeskommune bidreg med midlar til prosjektleiarrolla, som får eit ansvar for framdrift, samanstilling og skriving av ein kortfatta rapport. Vidare skal kartdata digitaliserast og leggjast ut på nettet. Hordaland fylkeskommune koordinerer dette arbeidet.

Mål med kartlegginga

Metoden vil kunne bidra til å oppnå det nasjonale målet om å sikre befolkninga høve til å drive eit variert friluftliv både i nærmiljøet og naturen for øvrig. Målet med kartlegginga er å:

- få oversyn over og tydeleggjera areala til friluftsliv i kommunen
- få verdisett og prioritert areala til friluftsliv i kommunen - og gjennom dette sikre god tilgang på relevant friluftslivsinformasjon i kommunen og for eksterne partar. Døme på dette kan vere å sikre eit godt grunnlag for å utarbeide ein sti- og løypeplan for kommunen/regionen. Frå 2018 vil det vere eit krav frå Miljøverndepartementet om å ha gjennomført ei kartlegging og verdisetting av friluftsområder for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområder.

Resultat

- Ein kortfatta rapport med oppsummering av arbeidet
- Kartfiler i sosiformat til kommunen (leggjast inn som eit temalag i kommunen sin digitale kartløysning)
- Interaktivt kart som presenterer friluftsområda på nett. Dette vert lagt inn i Naturbase.no med kommunen som eigar av datasettet.

OrganiseringProsjekteigar:

xxx kommune

Lokal prosjektleiar:*Friluftsrådet Vest/ Bergen og Omland Friluftsråd eller eigne tilsette i kommunen*Prosjektkoordinator:

Hordaland fylkeskommune

Forslag til deltagarar i lokal arbeidsgruppe og referansegruppe: (fyll inn)

- xxx, lokal prosjektleiar
- Representasjon frå aktuelle delar av kommuneadministrasjonen som har kunnskap om og oversikt over arealbruk og friluftsinteresser
- Kommunen sin GIS-koordinator (om har ein)
- Representantar frå aktuelle natur-, fritids- og friluftsorganisasjonar
- Folkehelsekoordinator
- Barnetalsperson
- Skule/barnehage
- Turlag/jeger og fiskeforeiningar/ speidar/idrettslag
- andre ressurspersoner verta trekte inn ved behov

Arbeidsplan

| Oppgåve |
|---|
| Oppstartsvedtak, inkl. nedsetting av arbeidsgruppe og referansegruppe |
| Første møte i arbeidsgruppa: Metodikk/arbeidsform, få tak i informasjon om friluftsområda, avgrensing områder/test av metodikk |
| Systematisering av eksisterande informasjon, kontakt mot barnehagar og skular (med vekt på tettbygde område) |
| Møte i arbeidsgruppa: Avgrensing og skildring av friluftsområde |
| Møte i arbeidsgruppa: Verdisetting av friluftsområda, ferdigstilling av manuskart og tilhøyrande tabell med eigenskapar og skildring for kvart område |
| Digitalisering av friluftsområda og utarbeiding av enkelt kart på nett (for kvalitetssikring) |
| Rapportskriving (kort summering av gjennomført arbeid) |
| Kvalitetssikring (evt. ei enkel høyring) og eventuelle justeringar |
| Møte i arbeidsgruppa: Korrektur kart |
| Ferdigstilling av digitalisering/SOSI-fil og kort rapport |
| Presentasjon i kommunestyret |

Det er eit mål at arbeidet er ferdig for heile kommunen innan våren/sommaren 2015.

Ressursbruk

Arbeidsinnsatsen frå administrasjonen og deltakarar i prosjektgruppa vil utgjere til saman om lag 3-4 vekesverk. *Dette er mindre om ein ønskjer å nytte friluftsrådet som prosjektleiar.* I tillegg kan det vere nokre avgrensa møte- og reisekostnader i samband med arbeidsgruppa. Arbeidsinnsatsen utgjer eigeninnsatsen for kommunen.

Kostnader i samband med koordinering, prosjektleiing, digitalisering av materiell og ferdigstilling av kartfil (SOSI-fil) vert dekt av midlar frå Hordaland fylkeskommune og Miljødirektoratet.

Eksisterande kunnskap om viktige friluftsområder i kommunen finnast i m.a.:

- Naturbasen (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>)
- Kartlegging av regionale viktige friluftsområder (2008).
- Kommuneplanens arealdel, temakart??
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.
- Turbok xxx??
- Friluftskart for xxx??
- ”10 på topp”??
- Tidligere ”friluftskartlegging”/stiregistrering etc.??
- Etc.